

Fransk begeistring for Festidalen

04.08.2015



Trikoloren blafar i Uskedalen!

Det har ikkje akkurat vore nokon flom av turistar til Uskedalen denne sommaren og difor er det dobbelt positivt når det dukkar opp nokon. Og det gjorde det - i forkant av Festidalen. Sjølvaste TRIKLOREN blafra ombord på ein elegant siglar og dei 3 ombord var begeistra med i festivalen.

Jeff Mallet, Martin Mallet og Laetitia Rochette visste ikkje om Festidalen før dei dumpa midt opp i han, men dei vart svært begeistra over det dei såg og høyrde og er her framleis, Men no set dei snart kursen mot Bergen og Stavanger før turen går heim med den nærmest uslitelege 38 fot lange siglaren.

Denne sommaren har skippar Jeff styrt skuta via England, Irland og Skottland til Noreg og hatt ei framifrå oppleving. Her i Uskedalen fekk dei eit hyggjeleg og intressant treff med Stormkapteinen. Og det er ikkje tvll om at dei kasta beundrande blick når dei høyrde historia hans.

Men dei kjem sjølv frå eit ramsalt sjømiljø - øya Ile d' yeu som ligg vest for Frankrike. Der har Jeff budd og sigla i 32 år med båten han no har og trur etterfylgjaren vil halda ut minst like lenge.

Tekst. foto og nett; Ola Matti Mathisen



Glad trio etter opphaldet her